

Julekonkurranse: Kven er dette?(6)

27.12.2015



Det er kjekt å registrera positive tilbakemeldingar på julekonkurransen vår;- både av dei som sender inn svar og dei som berre løysen den for seg sjølv på heimebane. Oljesjeikar har vi tydelegvis ein del av i Uskedalen, og i dag presenterer vi biletet av den andre i denne konkurransen. Og vi spør som vanleg om kven dette er.

Dagens vers:

Bygdamann av beste slag.
Har bidrege mykje i mange lag.
Trivest godt i skog og fjell,
likar godt jakt og smell.
Oljesjeik han kallast kan,
denne gode mann.

Dei som har framlegg til svar, kan som vanleg senda det på epost til thordossland@gmail.com eller som sms til 932 88 237 innan 28.12. kl.23.59.

Gårdagens løysing var nok ikkje heilt enkel. Det fine med det er at det tetnar til, og det er svært mange som har muligheten til å verta premiert. 5 flaxlodd ventar på den uttrekte vinnaren.

Dei to unge jentene som var på karneval på gårdagens biletet, var **Marta Kjersti Bergstø og Nina Arnesen**. Ikkje alle klarte det, og i tillegg til rette løysingar fekk vi mellom anna inn framlegg på Anne Bakke, Randi Guddal og Turid Haugland(Valvik).

Send inn forslag! Det er ikkje for seint å starta poengsankinga!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland